



## **Protokoll årsmøte i Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane 2023**

Thon Hotel Jølster, Skei

29.-30.mars 2023, starta onsdag kl. 13.00 og avslutta torsdag kl. 11.30.

Årsmøte vart opna med velkomsttale av leiar Nils Gjerland, og felespel av John Oddvar Kandal.

### **Sak 1/23 FÅ: Opprop**

Dagleg leiar Britt Tjønneland sto føre oppropet. Det var møtt fram 73 deltakarar. Av desse 49 delegatar med røysterett.

**Vedtak:** Godkjent 49 delegatar med stemmerett.

### **Sak 2/23 FÅ: Val av ordstyrarar**

**Vedtak:** Val av Solveig Norevik og Odd Øvregard

### **Sak 3/23 FÅ: Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Vedtak:** Innkalling og dagsorden vart vedtatt,

### **Sak 4/23 FÅ: Forretningsorden**

**Vedtak:** Forretningsorden vart vedtatt.

### **Sak 5/23 A FÅ: Val av 2 til å føre protokoll**

**Vedtak:** Val av Eiliv Berdal og Britt Tjønneland

### **Sak 5/23 B FÅ: Val av 2 til å signerer protokoll**

**Vedtak:** Val av Kjell Sandnes frå Førde og Kari Fismen frå Askvoll.

### **Sak 6/23 FÅ: Val av teljekorps**

**Vedtak:** Magny H. Myklebust, Leif Åberge og Turid Strand vart samrøystes vald.

### **Sak 7/23 FÅ: Val av resolusjonsnemnd**

**Vedtak:** Val av Eiliv Berdal frå Eid og Magny H. Myklebust frå Selje.

### **Sak 8/23 FÅ: Årsmelding 2023**

Styreleiar Nils Gjerland informert frå årsmeldinga.

**Vedtak:** Årsmeldinga vart godkjend som den ligg føre.

### **Sak 9/23 FÅ: Rekneskap 2023**

Rekneskapen var gjennomgått av Britt Tjønneland og Solveig Norevik las revisjonsmeldinga.

**Vedtak:** Rekneskapen vart godkjend som den ligg føre.

### **Sak 10/22 Handlingsplan 2023**

Dagleg leiar gjekk gjennom tiltaka i handlingsplanen og styremedlem Magny H. Myklebust informerte om tema innan førebyggjande fysisk og psykisk helse.

Det var ein diskusjon om bruk av vedlferdsteknologiske hjelpemiddel. Teknologiske hjelpemiddel kan vere til stor hjelp for at folk kan vere lenger heime. Vi må samtidig ha respekt for og gje nødvendig hjelp til dei som ikkje *vil* og ikkje kan bruke digitale hjelpemiddel.

Det var fleire innlegg som støtta tilrettelagt opplæring i data. Dette fungerer i mange pensjonistlag, men i ein del kommunar er det eit dårlegare tilbod. I grisgrendte strok er heller ikkje telefonnettet og breibandnettet godt nok utbygd.

**Vedtak:** Handlingsplanen er samrøystes vedtatt slik den ligg føre.

### **Sak 11/22 FÅ: Budsjett 2023**

Budsjett vart gjennomgått av Britt Tjønneland.

Anny Urtegård hadde ordet til saka.

**Vedtak:** Budsjett for 2023 vart godkjend som det ligg føre.

### **Sak 12/23 FÅ: Resolusjonar**

Nils Gjerland, Kjell Kjørlaus og Kjell Sandnes presenterte og innleia på dag 1 om framlagde resolusjonar:

Frå Styret                      Pensjonistane sine tannhelsekostnadar må innlemmast i eigenandelsordninga.  
Berekraftig framtid for våre etterkomarar.

Frå Vågsøy Pensjonistlag  
Kva skjer i eldreomsorga.  
Nils Gjerland kommenterte at resolusjonsnemnda bør sjå på ei samordning av styret sett forslag og Vågsøy sitt forslag. Asbjørn Våge var einig i dette men heldt fram at ein måtte få fokus på dei uheldige sidene som har skjedd i eldreomsorga.

Frå Helseutvalet:              Støtte til pårørande alliansen.  
Stopp nedbygging av sjukeheimplassar.

Frå Førde Pensjonistlag  
Samordningsfella  
Rett til dagpengar og sjukepengar for eldre arbeidstakarar fram til fylte 72 år.  
Forhandlingsrett i trygdeoppgjæret for pensjonistane sin organisasjonar  
Dagens straumpris er ei alvorleg belastning for mange – også pensjonistar.

Resolusjonane med merknader som kom fram vart oversendt resolusjonsnemnda som legg fram forslag på andre dag av årsmøtet.



Eiliv Berdal la fram forslag frå resolusjonsnemnda på dag 2.

**1. Pensjonistane sine tannhelsekostnader må innlemmast i eigenandelsordninga – forslag frå styret.**

Ingen endring i forslaget frå styret si tekst som er lagt ut i årsmøtedokumenta.

**Vedtakk:** Resolusjonen vart samrøystes vedtatt.

**2. Berekraftig framtid for våre etterkomarar**

Ingen endring i forslaget frå styret til tekst som er lagt ut i årsmøtedokumenta.

**Vedtakk:** Resolusjonen vart samrøystes vedtatt.

**3. Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane gjev si fulle støtte til Pårørandealliansen**

Ingen endring i forslaget frå helseutvalet si tekst som er lagt ut i årsmøtedokumenta.

**Vedtakk:** Resolusjonen vart samrøystes vedtatt.

**4. Stopp nedbygginga av sjukeheimplassar**

Ordet «senil» i andre avsnitt, andre setning blir stroke. Elles ingen endring i helseutvalet sitt forslag til tekst.

**Vedtakk;** Resolusjonen med resolusjonsnemnda sitt forslag til endring vart samrøystes vedtatt.

**5. Samordningsfella** (Forslag frå Førde Pensjonistlag)

Resolusjonsnemnda vil gjorde framlegg om at første avsnitt i si heilheit blir stroke. Samtidig blir teksten i siste avsnitt endra slik at det kjem fram at Sogn og Fjordane pensjonistforbund støttar Førde Pensjonistlag sitt resolusjonsforslag.

**Vedtakk:** Resolusjonen med resolusjonsnemnda si endring vart samrøystes vedtatt.

**6. Rett til dagpengar og sjukepengar og for eldre arbeidstakarar fram til fylte 72 år.**

(Forslag frå Førde Pensjonistlag)

Etter forslag frå resolusjonsnemnda blir teksten i siste avsnitt endra slik at det kjem fram at Sogn og Fjordane pensjonistforbund støttar Førde Pensjonistlag sitt resolusjonsforslag.

**Vedtakk:** Resolusjonen med resolusjonsnemnda si endring vart samrøystes vedtatt.

**7. Forhandlingsrett i trygdeoppgjeret for Pensjonistforbundet.** (Forslag frå Førde Pensjonistlag)

Resolusjonsnemnda endra teksten i overskrifta frå «pensjonistane sine organisasjonar» til «Pensjonistforbundet»

Etter forslag frå resolusjonsnemnda blir teksten i siste avsnitt endra slik at det kjem fram at Sogn og Fjordane pensjonistforbund støttar Førde Pensjonistlag sitt resolusjonsforslag.

**Vedtakk:** Resolusjonen med resolusjonsnemnda si endring vart samrøystes vedtatt.

**8. Dagens straumprisar er ei alvorleg belastning for mange – også pensjonistar.**

(Forslag frå Førde Pensjonistlag)

Etter forslag frå resolusjonsnemnda blir teksten i siste avsnitt endra slik at det kjem fram at Sogn og Fjordane pensjonistforbund støttar Førde Pensjonistlag sitt resolusjonsforslag.

**Vedtakk:** Resolusjonen vart samrøystes vedtatt.

**9. Verdig eldreomsorg**

Leiaren sitt forslag til samordning med Vågsøy Pensjonistlag vart lest opp.

**Vedtakk:** Framlegget vart vedtatt samrøystes.



### **Sak 13/23 a FÅ: Val av styret og revisor**

Forslaget frå valnemnda vart lagt fram av ordstyrar Solveig Norevik.

#### **Valnemnda sitt forslag til styret:**

Leiar: **Nils R. Sandal, Breim** ny for 2 år  
Nestleiar: Solfrid Fossberg, Leikanger (ikkje på val).  
Styremedl.: Magny H. Myklebust, Selje (ikkje på val).  
Solveig Norevik, Høyanger (ikkje på val)  
Jon Gimmestad, Gloppen (ikkje på val)  
**Asbjørn Våge, Vågsøy** ny for 2 år  
**Odd Øvregard, Årdal** ny for 2 år

Varamedl.: **Kjell Sigmund Nygård, Førde** ny for 2 år  
**Magne Kjerpeset, Svelgen** ny for 2 år  
Anne Cathrine Neslein, Førde (attval for 1 år)

**Vedtak:** Valnemnda sitt forslag vart vedtatt samrøystes med akklamasjon.

#### **Valnemnda foreslo attval av revisorar.**

Kjell Sandnes, Førde, for 2 år.  
Leif Åberge, Årdal, for 1 år.

#### **Varamedlemer:**

Bertil Meek, Naustdal, attval for 1 år.  
Jostein Midtbø, attval for 2 år.

**Vedtak:** Valnemnda sitt forslag vart vedtatt samrøystes med akklamasjon

### **Sak 13/23 b FÅ Val av valnemnd**

#### **Styret sitt forslag til valnemnd:**

Leiar: Aslag Nesje Bjørlo, Gloppen attval for 1 år  
Anny Urtegard, Balestrand, ny for 1 år.  
Odd Fauske, Førde, ny for 1 år.

**Vedtak:** Valnemnda sitt forslag vart vedtatt samrøystes med akklamasjon.

Styret hadde ikkje klart eit framlegg til varamedlemer. Årsmøtet gå styret fullmakt til å oppnemnde varamedlemer på neste styremøte.

### **Sak 13/23 c FÅ Val av utsendingar til Landsmøte 2023**

Styret sitt framlegg til utsendingar til Landsmøtet 2023:

#### **Utsendingar:**

Solveig Norevik, leiar Høyanger og medlem fylkesstyret  
Kjell Sandnes, leiar Førde  
Asbjørn Våge, styremedlem Vågsøy  
Solfrid Fossberg, medlem Leikanger og nestleiar fylkesstyret  
Vara:

- 1: Jon Gimmestad, leiar Gloppen og medlem fylkesstyret
- 3: Kjellfrid Bøtun, leiar Gulen
- 2: Odd Øvregard, leiar Årdal og vara fylkesstyret
- 4: Kari Fismen, leiar Askvoll og medlem helseutvalet

**Vedtak:** Forslaget vart vedtatt samrøystes.

### **Sak 14/23 FÅ Førebuing av landsmøte 2023**

Styreleiar Nils Gjerland orienterte om saker som skulle opp i landsmøtet. Det vert sak om revisjon av vedtektene, mellom anna eit tillegg om livssynsnøytralitet i formålsparagrafen, fylkeslag får nemninga kretslag og desse skal få to nestleiarar i sitt styre. I handlingsprogrammet vil sakene og framlegga sendt inn frå styret i Sogn og Fjordane pensjonistforbund bli tatt inn i Pensjonistforbundet sitt handlingsprogram.

### **Informasjon- og diskusjonssaker:**

Sentralstyremedlem Helga Hjetland starta dag 1 med å tale til årsmøte om følgjande saker:

- Pensjonistforbundet er (PF)det viktigaste talerøyet i landet for pensjonistane.
- PF sitt sentralstyre er samansett med 9 medlemmer med brei yrkes- og organisasjonserfaring.
- Aktive lokallag er arena for dei viktigaste møteplassane i PF.
- Målet er at PF skal ha 260 000 medlemmer ved utgangen av 2023.
- PF samarbeider med Senteret for aldersvenleg Noreg og KS om utvikling av eldreråds kurs som skal vere klart for heile landet etter kommunevalet 2023.
- Viktige saker til høyring i PF: Helsepersonellkommissjonen, Kvinnehelseutvalet, Nytt pensjonssystem, Nytt inntektssystem og Statsbudsjettet.
- Leve livet – Bu trygt heime-reforma.
- Bustøtta må kontinuerleg tilpassast inntektsnivå og buutgifter.
- I kommunar med fleire pensjonistlag bør eit samarbeidsutval mellom laga etablerast , mellom anna som talerøyr inn mot kommunen og for å synleggjere eldrepolitikk i kommunen.
- Orientering om Landsmøtet 2023 og om fråsegner som landsmøtet skal ta stilling til.

Tema teke opp under diskusjonen m.a.

- Må behandle småbyar og bygder likt – har felles problem
- Utfordringar med rekruttering av yngre pensjonistar.
- Er PF flinke nok til å ta opp problem knytt til dei kommunale helsetenestene inn mot sentrale myndigheiter.
- Orientering til pensjonistane om einskildvedtak, kva det er og kva inneber det.
- Vi bør få øyremerka midlar til eldreomsorga.
- Ulik behandling av kvinner og menn i helsetenesta.

Leiar i Balestrand pensjonistlag, Anny Urtegård, starta dag 2 med informasjon om den lokale aktiviteten Songtreff.

- Korsong gir ein positiv effekt både i forma av glede, sosialt samvær og helse
- Korsong kan førebygge demens
- Forbundet gir økonomisk støtte til tiltaket.

Anny oppfordra laga til å setje i gang songtreff. I neste infobrev vil det bli sendt ut informasjon om korleis laga kan søke økonomisk støtte.



**Avslutning.**

Nils Gjerland takka for den tida han hadde vore leiar av styret og roste det gode samarbeidet som har vore i styret og det gode samarbeidet ein har hatt med den nye daglege leiaren. Han takka samtidig styremedlemene som no går ut av styret og ynskte Nils R. Sandal og det nye styret lukke til med det vidare arbeidet.

Nils R. Sandal takka for tilliten han var vist og han såg fram til å kome i gang med arbeidet i det nye styret

.....  
Stad dato

\_\_\_\_\_  
Kjell Sandnes

.....  
Stad dato

\_\_\_\_\_  
Kari Fismen